

Til berørte parter

Lillehammer, 15.12.2017

Vår saksbehandler:
Olav Talle

Vår ref.:


Deres ref.:

Varsel om områderegulering for Størrtjednlie, Beitostølen i Øystre Slidre kommune. Varsel om utbyggingsavtale.

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 blir det kunngjort oppstart av arbeid med områdereguleringsplan for Størrtjednlie på Beitostølen, i Øystre Slidre kommune. Planarbeidet vert utført av Areal+ AS i tett samarbeid med grunneigarar, utbyggjarar og Øystre Slidre kommune.

Samtidig vert det varsla om oppstart av utbyggingsavtale etter plan- og bygningslova kapittel 17.

Planområde med blå stipla strek:



Areal+ AS

Org.nr. 883 672 992

www.arealpluss.no olav.talle@arealpluss.no

**Forr.adr. Fåvang
Lillehammer
Gjøvik**

Postadresse:
Fåvangvegen 2, 2634 Fåvang
Storgata 64A, 2609 Lillehammer
Ringvegen 26, 2815 Gjøvik

Kontoradresse:
Fåvangvegen 2
Storgata 64 A
Ringvegen 26


Telefon:
61 24 57 70
99 23 22 30
90 97 37 51

Telefaks:


Bankkonto:
1594.52.80503

Planstatus

Utsnitt av kommunedelplan



Reguleringsplanar i området



Formålet med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å regulere til fritidsbustader, med vegar, parkering, skiløyper, skiheis og grønstruktur. Målet er å planleggje ski inn – ski ut til/frå fritidsbustadene og få god parkeringskapasitet i området, slik at dei som skal bu i området ikkje treng å bruke bil for å komme til skianlegget i sentrum.

Merknader

Det kan sendast inn merknader og innspel som gjeld planarbeidet, til Areal+ AS, Storgata 64A, 2609 Lillehammer, e-post olav.talle@arealpluss.no.

Merknadsfrist: 22.01.2018.

Merknader vil bli referert og kommentert når planen vert lagt fram til politisk behandling i Øystre Slidre kommune.

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til Olav Talle, Areal+ AS, epost olav.talle@arealpluss.no.

Framdriftsplan

Arbeidet med områdereguleringsplan vert utført i 2018, og målet er å ha eit forslag til plan ferdig hausten 2018.

I planprosessen vert det halde informasjonsmøte om planarbeidet.

I samband med kommunen si behandling av planen vil det faste utvalet for plansaker – Planutvalet – leggje planen ut til offentlig ettersyn og høyring i minimum 6 veker. Det er då høve til å komme med merknader til områdereguleringsplanen og innhaldet i den. Planutvalet vil vurdere, og ta stilling til, alle innkomne merknader før kommunestyret fattar endeleg vedtak i sakene.

Med helsing

Olav Talle
Sign.